

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 10

Fylke : Sogn og Fjordane.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Bremanger

Emne: Lynging.

Bygdelag:

Oppskr. av: Alv Övrebotten.

Gard:

(adresse): Kjelkenes

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. **Har samla litt her og der.**

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Om dette emnet ikkje nokon sers.

SVAR

Det er ikkje alle gardar i Bremanger som har lyngmark. Men dei gardane som har lyngmark, har drive med lyngskjering så langt attende som ein veit om. På små gardar skjer dei endå lyng. Dei reknar med det når dei set på om hausten. Ved hundreårsskiftet var lyngskjering vanleg på større gardar og. Der har det minka litt etter kvart, utan at ein kan tidfeste det. Lyngskjeringa har minka

etter som arbeidshjelpa har minka, og det har vorte lettare å få kraftfor.

2. Før tok dei nokre dagar om hausten. Dei som no skjer lyng, gjer det etter kvart dei brukar han, berre det er snöberrt, og det er her ofte. Dei talar om å ~~skæraxlyngxx~~ skjere lyng, lyngskjering, og av og til talar dei om å gå på lyngskogjen.

3. Lyng til før vert aldri rive med hendene. Dei nyttar ein vanleg sigd. Ved Rylandsholm hadde dei ei flate der dei slo lynget med longorv.

4. Skjeringa har alltid vore kvinnfolkarbeid. Før når dei skar mykje i ein gong, bar karane heim, no vert det ikkje skore meir enn dei ber det med seg med det same, eller i to venger. Karane går kanskje andre gongen.

5. Dette er det ikkje noko fast regel om. Sume stader kan det gå nokre år mellom kvar gong, andre stader, serleg der det er sameige, kan lynget verte skore kvart år.

6. For omlag 40 år sidan vart det gjort slik i Botnane: Dei la tauet på ei lita flate. Så la dei granne björkekvister eller tunn eine, eller reiv lang lyng, dette la dei utover tauet. Så fengde dei lynget med hendene og la i til dei hadde bör. Deretter la dei fleire granne kvister og gjöra bör som ei vanleg höybör. Der ryggen skulle vere, var greinene så granne som mogeleg.

Seinare vart det vanleg med sekker. Dei rulla dei der det var bratt. Etterpå la dei dei i tau og bar.

Dei fortel om ein som bar sju sekker i ei bör. "Tauet rakk ikkje lenger," seier dei etter han.

No vert det alltid nytta kiper eller sekker.

2

7. Lynget vart lagt på låven i eit visst rom. Dette romet vart kalla lyngstålet når det var tomt og. Jörgina Ryland, död for 10 år sidan 80 år gamal, fortalde at dei der la lynget i stål på låven, og så skvette dei vatn over det av og til utover vinteren slik at det skulle halde seg friskt.

8. Det var og er helst kyrne som får lyng. Sauene kunne få litt når veret var slik at dei ikkje kom ut. Når det var mykje snö, kunne det nok hende at geitene laut få, men dei laut helst greie seg sjölve.

Det vanlege var at kyrne fekk noko lyng i ein höydott til eit mål, men er det lite om anna for, vart det meir lyng og mindre höy. Det har nok hendt at dei har lote greie seg med berre lyng utan höy, men då får dei gjerne hjelpefor frå sjöen. Alt dette var så ymist frå gard til gard og frå år til år at det er uråd å gje noko nögnare opplysning om dette.

Lynget vart aldri hakka.

Eg har fått oppgjeve at dei ved Rylandsholm for ei 20 år sidan kunne skjere opp til 90 sekker for året.

9. Lyng er ikkje rekna som noko sers godt for. Dei ser på hjelpefor frå sjöen som betre.

B.

1 og 2. Om hausten slepte dei ut dei turre beista (ungfe og vårbære kyr) for å ete lyng i godveret. Var veret godt kunne dette verte gjort til fram mot jul. Når så sola steig litt etter kyndelsmesse, og det var snöberrt, kunne dei sleppe kyrne ut av og til. Sauer og geiter var ute når det var snöberrt, og veret ikkje var altfor fält. Geitene laut ut om det var snö og, då helst i fjæra.

3. Det var vanleg måte å gjere det på. No går kyrne ute berre ei tid fram etter hausten. Sauene er og meir inne no enn för, men med geitene er det om lag ubrigda. Geiter er her ikkje stort att av.

Det var ikkje rekna for godt for, men gamle folk sa at dyra hadde godt av å kome ut i frisk luft. Kanskje var det ein rest frå då fjösa var dårlegare enn no.

LI. Mosing.

Mose har aldri vore nytta til for i Bremanger, så langt attende som ein har fråsegn om.

Til spm. 7. Det vanlege var at dei dekte over lynget med höy. Då heldt det seg godt.